



Stad kommune

## Informasjon frå Stad kommune / 23. mars 2021

### **TILTAK OG RÅD til innbyggjarane i samband med utbrotet**

- Alle må vere nøye med å halde god avstand til andre i kvarldagen, ha god handhygiene og ha svært lav terskel for å teste seg og halde seg heime ved teikn til sjukdom
- Alle må ha så få nære kontaktar som mogeleg i kvarldagen og unngå å samlast i grupper utanom eigen husstand eller kohort i barnehage/skule/arbeidsplass
- Alle verksemder bør nytte heimekontor så langt det er mogeleg og forsvarleg
- Lag og organisasjonar bør utsetje/avlyse arrangement, treningar og andre fritidsaktivitetar der ein samlar folk i grupper
- Dei som ønskjer kan gjerne bruke munnbind i det offentlege rom i situasjonar der ein kjem tett på andre over tid. Det viktigaste smitte førebyggande tiltaket er likevel å halde god avstand til andre så langt det let seg gjere

Skular og barnehagar med uavklart smittesituasjon har digital undervisning/held stengt ut veke 12. Drift av andre barnehagar og skular held fram på gult nivå.

Vidare utvikling av utbrotet vert følgt tett, og ny vurdering av risikonivå og aktuelle tiltak vert gjort fortløpende i samsvar med dette. Råd og tiltak byggjer på Kommuneoverlegen i Stad si oppdaterte vurdering av risikonivå og tiltak pr 23. mars 2021, jmf ([link](#))